



Arkivsak      200606870-3  
Arkivnr.      201  
Saksh.        Mørk Karlsen, Per Willy

Saksgang	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	29.01.2008
Fylkesutvalet	13. - 14.02.2008

## **HØRINGSUTTALE NOU 2007 : 11 STUDIEFORBUND - LÆRING FOR LIVET**

---

### **SAMANDRAG**

Kunnskapsdepartementet oppnemnde, oktober 06, eit utval med mandat å vurdere studieforbunda sine framtidige oppgåver for den einskilde, for arbeidslivet og for samfunnet.

Det såkalla Tron-utvalet går inn for monalege endringar i forbunda sine rammevilkår. Utvalet foreslår m.a. å overføre ansvaret for grunnskuleopplæringa for vaksne frå kommune til fylkeskommune og slik samla all lovfesta grunnopplæring for vaksne i fylkeskommunen. Utvalet oppmodar fylkeskommunane til å inngå partnerskapsavtalar med studieforbunda og nytta desse i vaksenopplæringa. Utvalet peikar på at fylkeskommunen må ha eit heilskapleg ansvar for vaksne si læring, og at dette ansvaret må orienterast meir mot vaksne og regionen sitt behov for kompetanse, enn einsidig å verta avgrensa til vaksne sin formelle rett til grunnopplæring. Innstillinga vert elles trekt inn i arbeidet med å overføre oppgåver til regionnivået og har soleis også ei meir formell regionalpolitisk forankring, jf Innst.S.nr.166 (2006-2007).

Hordaland fylkeskommune har fått forlenga høringsfrist til, 15.02.08, jf melding frå Kunnskapsdepartementet av 23.01.08.

### **FORSLAG TIL INNSTILLING**

Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune sluttar seg til utvalet si innstilling og kommenterar primært punktet om å styrkja det regionale ansvarsområdet for opplæring av vaksne.

1. Fylkesutvalet sluttar seg til Tron-utvalet si innstilling om at fylkeskommunen får ansvaret for ei heilskapleg grunnopplæring av vaksne. Det er ein føresetnad at denne oppgåva fullt ut vert kompensert frå staten.
2. Det vil vera naturleg at gjennomføringa av realkompetansevurdering og påfølgjande vidaregåande vaksenopplæring er lagt til dei vidaregåande skulane. Det vil elles vera interessant å nytta studieforbunda i tilfelle og på område der studieforbunda er særskilt eigna for oppgåva, og der fylkeskommunen ikkje har kapasitet til å gjennomføra opplæringa. Studieforbunda må oppfylle krava til kvalitet i opplæringa.
3. Studieforbunda vil likeins ha ei viktig rolle i opplæringstiltak som ikkje er bunden av læreplanar og eksamen på område som kultur, folkeopplysing, likeverd, deltaking, demokrati, integrering og inkludering.

Paul M. Nilsen

Svein-Erik Fjeld

Utrykt vedlegg:

Kunnskapsdepartementet NOU 2007 : 11 Studieforbund – læring for livet

<http://www.regjeringen.no/pages/2006252/PDFS/NOU200720070011000DDDPDFS.pdf>

Trykt vedlegg:

Melding om utsett høringsfrist frå Kunnskapsdepartementet

## **Høringsuttale NOU 2007: 11 Studieforbund – læring for livet**

### **1. Bakgrunn**

Saka si forankring i lovverket:

- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa med forskrifter
- Lov om vaksenopplæring med forskrifter

Kunnskapsdepartementet oppnemnde, oktober 06, eit utval med mandat å vurdere studieforbunda sine framtidige oppgåver for den einskilde, for arbeidslivet og for samfunnet. I mandatet heiter det at regjeringa ønskjer å styrka og vidareutvikla studieforbunda si rolle som opplæringsaktørar og bidragsytarar i ”det frivillige Noreg”. Vurderinga skulle soleis ha eit breitt perspektiv knytt til kultur, folkeopplysing, likeverd, deltaking, demokrati, integrering, inkludering, og forbunda si rolle innan offentlege og andre utdanningstilbod.

Utvalet sitt arbeid har vidare eit regionalpolitisk perspektiv og er nemnt i Kommunal og forvaltningskomiteen si innstilling nr 166 som handsama meldinga om Regionale fortrinn – regional framtid, jf St.meld. 12 - 06 / 07. I innstillinga heiter det ”... Det tas stilling til hvilket forvaltningsnivå som skal ha ansvar for tilskuddsforvaltningen for vaksenopplæring etter at utvalget har presentert sin tilråding høsten 2007 ...”

Utvalet har vore leia av Audun Tron, fylkesordførar i Oppland fylkeskommune, som leverte si innstilling i september 07. Utvalet meiner at studieforbunda framleis kan vera ein sentral opplæringsaktør, men må definera si rolle og oppgåve klårare og meir tilpassa nye utfordringar i vaksenopplæringa. Utvalet går inn for monalege endringar i rammevilkåra for forbunda, men peikar samstundes på at endringsviljen i forbunda er sentral for utviklinga.

### **2. Sentrale tilrådingar frå utvalet**

1. Utvalet peikar på at det i dei andre nordiske landa er større politisk merksemd og semje om å nytta studieforbunda i folkeopplysande foreiningsarbeid og den organiserte opplæringa utanfor det formelle utdanningssystemet (ikkje-formell opplæring). Utvalet gjer framlegg om at staten, etter svensk mønster, formulerar seks overordna mål for å styra studieforbunda sin aktivitet:
  - Styrka og vedlikehalda demokratiet ved å engasjera og utvikla aktive medborgarar
  - Styrka vaksne sitt høve til å påverka eigen livssituasjon
  - Medverka til inkludering
  - Styrka kulturelt mangfald og deltaking i kulturlivet
  - Medvirka til motivasjon for – og tilgang til kunnskap og kompetanse
  - Vera ein sjølvstendig arena for læring og eit supplement til offentlege utdanningstilbod
2. Utvalet gjer framlegg om å utforma ei ny lov for ikkje-formell opplæring som skal regulera ein meir samla sektor for friviljug fortjenestefri opplæring utanfor det formelle utdanningssystemet.

3. Utvalet ønskjer å styrkja det regionale ansvarsområdet for opplæring ved å gje fylkeskommunen eit overordna og heilskapleg ansvar for å møta vaksne og regionen sitt behov for kompetanse. Fylkeskommunen får ansvar for:
  - All grunnopplæring for vaksne
  - Eit samarbeid med ikkje-formelle opplæringsaktørar gjennom gjensidig forpliktande samarbeidsavtalar
  - Ei ordning for kvalifisering / kvalitetssikring av tilbydarar av formell grunnopplæring

Tronutvalet utvidar soleis fylkeskommunen sitt ansvar for regional kompetanseutvikling ved å ta inn grunnutdanninga og peikar på behovet for samarbeid med studieforbunda og samordning av opplæringstilbodet til vaksne. Utvalet understrekar at eit regionalt ansvarsområde for grunnopplæringa av vaksne må ivareta meir enn rettane til formell utdanning, og orienterast mot vaksne sitt behov for kompetanse.

4. Utvalet rår til ei tredelt tilskottsordning:
  - Eit statleg tilskott som omfattar opplæring ubunden av pensum og eksamen, og som gjer staten høve til å påverka utvikling av studieforbunda, jf utvalet sitt framlegg til seks overordna mål.
  - Fylkeskommunal finansiering av lovfesta offentlege opplæringstilbod som studieforbunda utførar på oppdrag frå fylkeskommunen. Denne finansieringa inngår i rammeoverføringa til fylkeskommunen og skal "... gjenspeiles i den kostnadsnøkkelen som ligger til grunn for å kompensere fylkeskommunenens økte utgifter til formålet ..."
  - Ein øyremerket pott til kulturretta aktivitetar formidla av fylkeskommunen

### 3. Vaksenopplæringa i Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune har ikkje eit organisert samarbeid med studieforbunda i fylket innan den formelle vaksenopplæringa. I hovudtrekk konsentrerer studieforbunda seg om marknaden for vaksne utan opplæringsrett som betalar for opplæringa. Dei vidaregåande skulane har ikkje høve til å ta betaling frå den einskilde vaksne for læreplanbasert opplæring og står soleis for realkompetansevurdering og gjennomføring av opplæring av vaksne med opplæringsrett finansiert av det offentlege. Fylket har ein godt utbygt og desentralisert struktur av vidaregåande skular som greitt handterar volumet i det offentlege vaksenopplæringstilbodet. Det er elles løpande kontakt, særleg med Friundervisningen og AOF, om praktiske forhold knytt til realkompetansevurdering, praksisplassar, vurdering og liknande.

Fylkesrådmannen er oppteken av at tilbodet til vaksne har naudsynt kvalitet både i informasjon og i gjennomføring av opplæringa. Tilbakemeldingar frå kursdeltakarar kan tyda på at studieforbunda ikkje alltid når fram til brukarane med informasjon om opplæringsrettar og tilbod. Jamførte resultat ved privatist eksamen kan likeins tyda på at forbunda kunne hatt betre kvalitet i einskilde opplæringstilbod.

Nye læreplanar og faglege føringar i vaksenopplæringa gjer dette til relativt spesialiserte tiltak samanlikna med den tradisjonelle klasseromundervisninga. Opplæringa skal ta omsyn til realkompetansevurderinga, IKT som basisdugleik, vera tilpassa og tilrettelagd den einskilde vaksne. Mange av fylkeskommunen sine opplæringstilbod kombinerar no læringselementa formidling, arbeid i studieverkstad, og individuelt arbeid med støtte i ei læringsplattform. Dette føreset meir spesialiserte opplæringsressursar og eit fagleg pedagogisk miljø med høg kompetanse, - og stiller dermed nye krav til opplæringsleverandørane.

#### 4. Fylkesrådmannen sine kommentarar til tilrådingane frå utvalt, jf punkt 2

- Samling av grunnopplæringstilbodet til vaksne i fylkeskommunen vil ha økonomiske konsekvensar som fullt ut må kompensast gjennom rammeoverføringane til fylkeskommunen. Utforming av ordninga må gjennomførast i samarbeid med KS og bør omfatte vurdering av lønn til lærarar tilsett i grunnskulen.
- Overføring av grunnskuleopplæringa til fylkeskommunen kan medføre auka avstand mellom sluttbrukar og det administrative ansvaret for aktiviteten i høve til noverande forvaltningsordning. Det er vesentleg at kvaliteten i grunnskuleopplæringa for vaksne vert halden oppe og vidareutvikla. Fylkeskommunen må soleis få høve til å nytta det pedagogiske personalet i grunnskulen og eventuelt få tilgang til desse skulane i opplæringa.
- Det er ei utfordring å nå dei vaksne med informasjon, motivasjon og individuell rettleiing om grunnopplæring. Ansvaret for dette området må forankrast i fylkeskommune, kommune og NAV. Ein kan så nytta studieforbund, partane i arbeidslivet, bransjar / opplæringskontor og einskild verksemdene i informasjons- og motivasjonsarbeidet.
- Eit nærare samarbeid med studieforbunda gjennom partnerskapsavtalar vil vera positivt, men føreset at områda for samarbeid vert klart definert. Skal fylkeskommunen nytta studieforbunda, må desse oppfylle naudsynte krav til kvalitet i opplæringa.

#### 5. Oppsummering

Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune sluttar seg til utvalet si innstilling og kommenterar primært punktet om å styrkja det regionale ansvarsområdet for opplæring av vaksne.

- Fylkesutvalet sluttar seg til Tron-utvalet si innstilling om at fylkeskommunen får ansvaret for ei heilskapleg grunnopplæring av vaksne. Det er ein føresetnad at denne oppgåva fullt ut vert kompensert frå staten.
- Det vil vera naturleg at gjennomføringa av realkompetansevurdering og påfølgjande vidaregåande vaksenopplæring er lagt til dei vidaregåande skulane. Det vil elles vera interessant å nytta studieforbunda i tilfelle og på område der studieforbunda er særskilt eigna for oppgåva, og der fylkeskommunen ikkje har kapasitet til å gjennomføre opplæringa. Studieforbunda må oppfylle krava til kvalitet i opplæringa.
- Studieforbunda vil likeins ha ei viktig rolle i opplæringstiltak som ikkje er bunden av læreplanar og eksamen på område som kultur, folkeopplysing, likeverd, deltaking, demokrati, integrering og inkludering.